



## MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Kjersti Mæland, Torleiv Fylkesnes, Linda Nordtun, Trond Haldorsen, Asbjørn E. Esperø, Margot Laurhammer, Asbjørn Gundersen og Åse Innvær

Varamedlemmer: Ingen

**Møtestad:** Bremnes Kyrkje

**Tid:** Tysdag 11.06.2024 kl. 18:00 på naustet til Åse

|                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|-----------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Sak 05-01-24:</b>  | <b>Godkjenning av innkalling</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| <b>Sak 05-02-24:</b>  | <b>Godkjenning av møtebok 04, 16.04.2024</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>Sak 05-03-24:</b>  | <b>Referatsaker/Orientering frå dei ulike utvala</b><br>Referat frå støttelaget.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| <b>Sak 05-04-24:</b>  | <b>Økonomi</b><br>Ikkje gjennomgått                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| <b>Sak 05-05-24:</b>  | <b>Reinhald av kyrkja</b><br>Det er ynskjeleg at reinhald i kyrkja vert gjort på dugnad i juni, juli og august då reinhaldar vil ha 80% stilling på kyrkjegardane og 20% reinhald i kyrkja. Det er og ynskjeleg at nedvask av kyrkja vert gjort på dugnad ein gong pr. år. <ul style="list-style-type: none"><li>- Soknerådet er positive til nedvask av kyrkja på dugnad ein gong i året. Soknerådet og Støttelaget kan ikkje ta på seg drift av kyrkja på dugnad. Ein må sjå vidare på korleis ein skal løysa vanleg vask i sommar.</li></ul> |
| <b>Sak 05-06-24:</b>  | <b>Årshjul</b><br>Gått gjennom årshjulet og lagt til «nye» aktivitetar (Folk på Bømlo, Torgdagar, nedvask av kyrkja). <ul style="list-style-type: none"><li>- AU arbeider vidare med dette etter ferien</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| <b>Sak 05-07-24:</b>  | <b>Frivilligfest/samling</b><br>Soknerådet ynskjer å få til ei samling for medlemmene kvart år, med ulikt innhald. Dette kan blant anna vera ein årsfest som inkluderer årsmøtet. <ul style="list-style-type: none"><li>- Soknerådet vil arbeide vidare med dette til hausten.</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>Sak 05-08-24:</b>  | <b>Samling for alle sokneråda på Bømlo</b><br>Det vert samling for alle tilsette og dei tre sokneråda i Bømlo onsdag 28. august i Bømlo kyrkje.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Komande møter:</b> | Fyrste soknerådsmøte 10. september i Bremnes Kyrkje<br>Prostidag torsdag 12. september i Sveio, bispevisitas.<br>Avskjed med Prosten, 20 oktober kl 17:00 i Stord kyrkje                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |

Kjersti Mæland  
leiar

Margot Laurhammer  
Sekretær